

TEMAPLAN BARN OG UNGE



STRATEGISK DEL 2022 - 2034
KVALITET GJENNOM TVERRFAGLEG SAMARBEID



BREMANGER KOMMUNE

Til brukarar av planen!

Bremanger kommune har gjennom mange år hatt strategisk plan for oppvekst som sitt styringsdokument for skulane og barnehagane.

Førre strategiske plan «Strategisk plan for oppvekstsektoren i Bremanger», hadde ei tidsramme på 10 år; 2010 – 2020. Etter at denne gjekk ut har det i kommunestyret vore etterspurt ny strategisk plan for oppvekst, særleg har det vore eit ønskje i høve budsjettprosessen slik at ein kunne ha eit tydeleg styringsdokument. Parallelt med budsjettprosessen, hausten 2020, har det også vore arbeid med samfunnsdelen av kommuneplanen, og det vart bestemt at arbeidet med strategisk plan for oppvekst skulle kome etter at samfunnsplanen var ferdig.

Gjennom arbeidet med Samfunnsplanen og gjennom sentrale styringsdokument har det blitt meir og meir klart at for å få til ei heilskapleg tenking rundt barn og unge - bygge laget rundt barn og unge – er det viktig å arbeide tverrfagleg; mottoet må vere at **ALLE BARN ER VÅRE BARN**, og vi må styrke samarbeidet rundt barn og unge slik at alle får den oppfølginga dei treng til ei kvar tid. Kompetansen må vere så nær barn og unge som mogleg.

Kommunedirektøren la dette fram for politikarane, der føringane for ein slik plan vart lagt.

Samtidig med dette har den nye barnevernsreforma, også kalla ei oppvekstreform trått i kraft, f.o.m. 01.01.22. Med denne reforma har kommunen fått meir fagleg og økonomisk ansvar, og skal styrke det førebyggjande arbeidet og tidleg innsats i heile oppvekstsektoren. Igjen vert det understreka at det er **VÅRE** barn. Lovgjevar legg større vekt på samarbeid

mellom dei ulike velferdstenestene ved mellom anna å legge samarbeid inn i 14 særlover som ei plikt.

Kommuneleiinga, både politisk og administrativt, har fått eit tydeleg ansvar for barneverntenesta. Barneverntenesta skal vere ei teneste på lik linje med andre kommunale tenester. Kommuneleiinga, både den administrative og den politiske, skal kunne etterspørje naudsynt informasjon og sette i verk tiltak for at kommunen skal oppfylle sine plikter etter lova.

Kommunen skal syte for eit samordna tenestetilbod til barn og familiar, der det førebyggjande arbeidet med tiltak er lovfesta. Kommunen har med dette eit ansvar for å arbeide for å unngå at omsorgssvikt og åtferdsvanskar oppstår.

Det generelle førebyggjande ansvaret er lagt til kommunen som heilskap. Ingen kommunale etatar som er i dagleg kontakt med barn kan fråskrive seg ansvaret for å avdekke tilhøve eller sette i verk naudsynte tiltak for aktiv førebygging. Det er understreka at barneverntenesta ikkje skal ha eit slikt ansvar åleine.

Arbeidet med planverket går no inn i ein ny fase – implementering av planen er viktig, og vi som skal bidra inn må halde trykket oppe.

Lukke til!

Svelgen, juni 2022

Gro Abildsnes

Kommunalsjef for oppvekst, kultur og fritid
- prosjektleiar -

Innhold

1. POLITISK FORANKRING OG MANDAT	3
2. DELTAKARAR I ARBEIDET	3
3. KVA ER STRATEGISK DEL?	4
4. FORKORTINGAR OG OMGREPSAVKLARING	5
5. OVERORDNA STRATEGIAR OG GRUNNLEGGANDE PERSPEKTIV	7
5.1 FN sin barnekonvensjon	8
5.2 Berekraftsmåla	8
6. ULIKE AKTØRAR I DEN TVERRFAGLEGE SAMHANDLINGA	9
7. UTFORDRINGAR I BREMANGER	15
7.1 Tidleg innsats	15
7.2 Likeverdige, trygge og gode opplæringsarenaer	15
7.3 Barn og unge skal oppleve meistring ut i frå egne føresetnader	16
7.4 Skulekrinsar og kriterium for drift av skular og barnehagar	16
7.5 Kultur og fritidstilbod	17
7.6 Helsetilbod og andre støttande tiltak	17
8. MÅL FOR ARBEIDET	18
9. TILTAK FOR Å NÅ MÅLA	19
9.1 Alle barn skal få ein god start på livet	19
9.2 Barn og unge skal ha inkluderande og trygge oppvekstmiljø	22
9.3 Barn og unge skal ha likeverdige og gode opplæringsarenaer	26
10 HØYRING, PLANPERIODE OG EVALUERING	28
10.1 Høyring	28
10.2 Planperiode	28
10.3 Evaluering	28
11. Takk	28



1. POLITISK FORANKRING OG MANDAT

Formannskapet i Bremanger kommune godkjende i møte 18.02.21 mandatet for Temaplan – barn og unge i sak 022/21. Effektmålet i mandatet vart vedtatt slik:

Bremanger kommune har inkluderande og trygge oppvekstmiljø som fremjar sosial kompetanse, meistring, tilhøyrse og god helse.

Vidare vart resultatmålet for aktuell fase vedtatt slik:

Det skal innan 30.09.2021 utarbeidast ein temaplan for barn og unge. Planen skal innehalde strategiar og tiltak for å sikre at mål og delmål i kommuneplanen sin samfunnsdel 2021-2033 vert oppfylte. I temaplanen skal vi derfor fokusere på tidleg innsats, likeverdige, trygge og gode opplæringsarenaer, der barn og unge opplever meistring ut i frå egne føresetnader, herunder:

- Skulekrinsar og kriterium for drift av skular og barnehagar
- Kultur- og fritidstilbod
- Helsetilbod og andre støttande tiltak

Temaplanen for barn og unge baserer seg på tilgjengeleg kunnskapsgrunnlag og er utarbeidd med brei medverknad. Dette vart sikra gjennom prosjektorganiseringa og høyring før endeleg handsaming i kommunestyret.

2. DELTAKARAR I ARBEIDET

Organisasjon:

Prosjekteigar:	Kommunestyret i Bremanger
Oppdragsgjevar:	Formannskapet
Prosjektansvarleg:	Anne Kristin Førde
Styringsgruppe:	Formannskapet
Prosjektleiar:	Kommunalsjef oppvekst, kultur og fritid
Prosjektgruppe:	Gro B. Abildsnes, kommunalsjef oppvekst, kultur og fritid, PL Carina E. Solvåg, utviklingskoordinator oppvekst Randi Ytrehus, kommunalsjef Helse og omsorg Anita Brevik, driftssjef familie og helse Karl Vidar Førde, kommunalsjef samfunn og utvikling Anita Løver, fagleiar barn og unge (permisjon frå 01.07.21) Raimund Hoclas, rektor kulturskolen Hilde Larsen, HTV fagforbundet Aud-Marit Sortevik, HTV Utdanningsforbundet
Referansegrupper:	Ungdomsrådet Driftssjefgruppa Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne

3. KVA ER STRATEGISK DEL?



Den strategiske delen byggjer på kommuneplanen sin samfunnsdel og må sjåast i samheng med denne. Den skal likevel nyttast som det overordna styringsdokumentet for den tverrfaglege samhandlinga til beste for alle barn og unge i Bremanger kommune.

Den strategiske delen formulerer dei måla som Bremanger kommune forventar å oppnå i planperioden, med delmål og tiltak.

Dokumentet er ei plattform for ein heilskapleg oppvekstpolitikk. Den gjev grunnlag for konkrete tiltak og strategiar og klargjer roller, ansvar og oppgåver for alle aktørar som jobbar med barn og unge i Bremanger kommune.

Strategiane og målformuleringane er knytt opp mot statlege og lokale føringar og all aktivitet skal skje innanfor ramma av lovverka for barnehage, skule, barnevern og kultur.

Vårt mål er at vi gjennom det tverrfaglege samarbeidet skal setje inn tiltak tidleg når det er naudsynt og sikre trygge oppvekstvilkår for alle med likeverdige og gode opplæringsarenaer, der barn opplever meistring ut i frå eigne føresetnader (ref. samfunnsplanen). Denne planen skal hjelpe oss med dette arbeidet.

Det er i Samfunnsplanen for Bremanger kommune utforma tre verdiar som dei tilsette i vår kommune skal tufte arbeidet sitt på. I vårt møte med samarbeidspartar, foreldre, barn og unge skal vi vere:

Open

- ❖ Vi inviterer til samarbeid og medverknad
- ❖ Vi legg til rette for innsyn
- ❖ Vi møter alle med respekt

Framtidsretta

- ❖ Vi er pådrivarar for at Bremangersamfunnet skal møte morgondagens utfordringar
- ❖ Vi fokuserer på utvikling og forbetring
- ❖ Vi er modige og tør å finne nye løysingar

Truverdig

- ❖ Det er samsvar mellom ord og handling
- ❖ Vi er føreseielege og profesjonelle

I samfunnsplanen pkt. 6.4 Hovudmål – kommunale tenester (s.18), er eitt av delmåla at:

Bremanger kommune utviklar tenestene sine med fokus på førebygging og tidleg innsats for betre levekår.

Og vidare, at slik skal vi nå målet (vegval):

- Ha tverrfagleg samarbeid med fokus på heile livslauget for tenestemottakarar og setje inn tiltak tidleg når det er naudsynt
- Utvikle tenester og handlingsplanar basert på systematisk bruk av tilgjengeleg kunnskapsgrunnlag
- sikre brukarmedverknad

- Sikre trygge oppvekstvilkår for alle med likeverdige og gode opplæringsarenaer, der barn opplever meistring ut i frå egne føresetnader
- Samarbeide med frivillige om tilbod til brukarar

Vidare i den strategiske delen, vil dette vere grunnleggande for arbeidet.

4. FORKORTINGAR OG OMGREPSAVKLARING

PMTO: Parent Management Training Oregon. Eit behandlingstilbod som tek sikte på å styrke foreldra i deira oppdragarrolle og slik gjere dei i betre stand til å samhandle meir hensiktsmessig med barna. Dette bidreg igjen til at barna lærer normale sosiale ferdigheiter, og reduserer førekomsten av problemåtferd.

TIBIR: TIBIR er ei forkorting for: Tidleg innsats for barn i risiko. Det er eit kommunalt førebyggings- og behandlingsprogram og skal bidra til å identifisere, førebyggje og behandle åtferdsproblem hos barn i alderen 3 - 12 år og familiane deira. Dette skal skje på eit så tidleg tidspunkt som mogleg, på fleire område og på lågast moglege effektive innsatsnivå.

TIBIR-foreldrerådgjevar: Ein TIBIR-foreldrerettleiar kan hjelpe foreldra i å finne strategiar som kan fungere når barnet utfordrar, til dømes i morgonrutinar, legging, måltid, sinne ol. Detet er eit førebyggjande tilbod til familiar med barn, som møter utfordringar i barneoppdraginga. Det kan vere på eit tidleg stadium, eller at problema ikkje er blitt for store.

PMTO-terapeut: Som ved rådgjeving, men tilbodet er for familiar der barnet si åtferd er blitt krevjande og har gått føre over tid. Foreldra får rettleiing av ein PMTO-terapeut. For å bli PMTO-terapeut blir det stilt krav om at ein har treårig helse- og sosialfagleg høgskulebakgrunn, alternativt universitetsutdanning innan psykologi, pedagogikk eller medisin. Terapeutane får ei omfattande og kontinuerleg opplæring i metoden, samt obligatorisk og kontinuerleg rettleiing.

PALS: Positiv åtferd, støttande læringsmiljø og samhandling. PALS er ein skuleomfattande modell. Den består av systematiske og effektive forebyggingstiltak som rettar positiv merksemd mot alle elevane. Alle tilsette skal leggje vekt på positiv involvering og oppmuntring, og dei gjev føreseielege reaksjonar på negativ åtferd. Tiltaka skal fremje god sosial og fagleg læring. Bremanger kommune jobbar etter PALS-modellen både i barnehage og skule.

TRAS: Tidleg registrering av språk. Eit observasjonsmateriale til bruk i barnehagen som består av eit skjema der åtte område som er av betydning for språkutvikling blir observert og kartlagt.

FAU: Foreldrerådet sitt arbeidsutval. Foreldrerådet i barnehagen og skulen vel representantar til FAU – ein eller fleire frå kvar avdeling/ klasse. Til saman utgjer dei eit utval som skal ha høve til å påverke barnehage-/skulekvardagen og vere ein konstruktiv samarbeidspart for barnehagen/skulen. FAU kan kome med råd og innspel, men og ta opp saker på eige initiativ.

KFAU: Kommunalt foreldreutval. Leiar og nestleiar frå kvart oppvekstsenter er medlem i Bremanger KFAU.

BUP: Barne- og ungdomspsykiatrisk poliklinikk. Hjelper barn under 18 år med den psykiske helsa deira. Fastlegen kan tilvise.

COS: Circle of security, tryggleikssirkelen. Foreldrerettleingskurs som skal gje foreldre verktøy til å forstå betre kva behov barn har, kva signal dei gjev og kva vi kan gjere for å møte desse behova betre.

Sherborne-metodikken: Sherborne developmental Movement (SDM) er ein terapeutisk intervensjon som engasjerer deltakarane i interaktiv læring, gjennom delt rørsle-erfaring som har sitt utgangspunkt i normal utvikling. Desse rørsle-erfaringane skjer i eit miljø som er ope for personlege reaksjonar, er ikkje-dømmende og grunnleggande forankra i meistring og oppleving (Hill 2006)

Samhandlingsplan mot SSA: Ein plan for tverrfagleg samhandling for å førebyggje og handtere seksuelt skadeleg åtferd mot barn og unge. Vedteken i kommunestyre 07.10.21

HFU: Helsestasjon for ungdom

NOK: Kompetansesenter mot seksuelle overgrep (sjå meir under aktørar s. 11)

SMÅ EININGAR: I internasjonal forskning reknar ein skular med inntil 300 elevar som små einingar (oppvekstsenter). I Bremanger kommune vert derfor alle einingane omtala som små.




5. OVERORDNA STRATEGIAR OG GRUNNLEGGANDE PERSPEKTIV

Strategiane i oppvekstarbeidet må først og fremst leggje vekt på førebyggjande tiltak, på den måten styrkar ein vernet og reduserer risikofaktorane i barn og unge sitt oppvekstmiljø.

Tidleg innsats vil vere eit berande prinsipp i tilnærminga og oppbygginga av tenestetilboda. Med tidleg innsats er det meint at ein både set inn tiltak så snart ein registrerer ein risiko eller eit behov uansett alder, men også at dei yngste aldersgruppene vert prioriterte.

Hovudsatsinga er på det universelle, altså tilbodet til alle. Andre tiltak er retta mot barn og unge i risiko, nokre barn og unge med særskilde behov, og nokre barn og unge med særskild gode evne.

Sidan 2011 har barnehagane og skulane i Bremanger jobba etter PALS-modellen. Den legg vekt på ei grunnleggjande forståing av at alle barn/ elevar er del av eit heilskapleg førebyggjande læringsmiljø, og at alle har moglegheiter til å utvikle seg i den vanlege barnehagen/ skulen dersom forholda blir lagt til rette. Modellen baserer seg på ein barnehage-/ skuleomfattande tiltaksmodell på tre nivå.



Grønt nivå: Det er viktig at alle barn og unge veks opp i eit miljø som stimulerer og inkluderer *alle*, og som tenkjer førebyggjande arbeid universelt. Oppvekst- og læringstilbodet skal fremje personleg, sosial og fagleg meistring, læring og utvikling til alle. På dette nivået finn vi dei aktørane som alle barn og unge møter, som t.d. foreldre, barnehage/skule, helsestasjon

Gult nivå: Dei barna som treng ekstra oppfølging og støtte er færre og har behov for *noko* meir innsats frå barnehagen/ skulen eller det utvida laget rundt barnet. Meir til nokre. På dette nivået møter barna som regel fleire og andre aktørar enn på det grønne nivået, t.d. PPT, NAV.

Raudt nivå: Øvst i pyramiden vert arbeidet retta mot dei barna som treng intensiv innsats for at dei skal oppleve læring, meistring og trivsel. *Mykje* til få. På dette nivået er det viktig med ein koordinert og tverrfagleg innsats. Barna møter eit breitt sett med aktørar frå grønt og gult nivå samt nokre nye, alt etter behov t.d. BUP, barnevern

Sjå oversikt over ulike aktørar på grønt, gult og raudt nivå under pkt. 6 *Ulike aktørar i den tverrfaglege samhandlinga.*



Dess betre arbeid vi legg ned på det universelle nivået (det grønne), dess færre barn får vi lenger opp i pyramiden. Førebygging er nøkkelen! I tillegg må vi legge til rette for god samhandling og tverrfagleg tilnærming rundt barn og unge som har særlege behov for koordinerte tenester.

5.1 FN sin barnekonvensjon


Barn sine rettar er slått fast i FN sin barnekonvensjon og denne går som ein raud tråd gjennom planen. Særleg legg vi vekt på at barnet sitt beste skal ligge til grunn for det vi gjer, at vi som vaksne sikrar at barnet får medverke i eige liv.

5.2 Berekraftsmåla

Like eins ligg berekraftsmåla som ein grunnpilar for arbeidet, for å sikre barn og unge ei god framtid. I Samfunnsplanen er det valt ut seks berekraftsmål, og fire av desse er aktuelle å legge til grunn i denne planen:



For å sikre eit heilskapleg perspektiv på barn og unge si utvikling, vil måla i planen vise korleis alle område i livet verkar saman. Familie, venter, barnehage, skule, nærmiljø, kultur m.m. har alle innverknad på korleis vi utviklar oss, det får igjen noko å seie for korleis vi trivst, for den psykiske og fysiske helsa vår og til sjuande og sist korleis vi meistrar livet.



6. ULIKE AKTØRAR I DEN TVERRFAGLEGE SAMHANDLINGA

AKTØRAR	Kort skildring av rolle
På det grøne/ universelle (for alle) nivået:	
Barn og unge	<ul style="list-style-type: none"> • Er ekspertar i eige liv • Skal ha høg grad av medverknad og barn og unge skal høyrast i saker som vedkjem dei (§ 104 i Grunnlova, FN sin barnekonvensjon) • Deltakarar i det tverrfaglege møtet
Foreldre	<ul style="list-style-type: none"> • Gje barnet dagleg omsorg og omtanke for å sikre barnets beste • Deltek i samhandling til barnets beste • Deltek på opplæring/kurs til beste for barn og unge
Barnehage	<ul style="list-style-type: none"> • Møter barn dagleg gjennom heile året. • Barnehagen har ei viktig rolle i å sjå, avdekke, og melde frå om bekymringar. • Barnehagen gjennomfører utviklingssamtalar med foreldre to gangar i året og har elles tett samarbeid med foreldra. • Alle oppvekstsentera i Bremanger kommune jobbar etter PALS-modellen. Målet med PALS er å utvikle ein positiv kultur som styrkar barnet sin faglege og sosiale kompetanse. Modellen føreset ei samarbeidsbasert arbeidsform og utvikling av felles kultur tufta på eit godt barnehage – heim samarbeid. PALS skal vidare gje høve til målretta handling og kontinuerleg refleksjon og evaluering av eigen praksis for dei tilsette.
Kommunalt FAU	<ul style="list-style-type: none"> • KFAU er eit samordnande og koordinerande organ for foreldreråda ved alle oppvekst-sentra i Bremanger kommune. Dei skal arbeide for å fremje eit godt samarbeid mellom foreldre, skule, barnehage.
FAU	<ul style="list-style-type: none"> • Når ein har barn på skulen, er ein automatisk ein del av foreldrerådet. Foreldrerådet vel representantar til Foreldrerådet sitt arbeidsutval (FAU) – ein eller fleire frå kvar klasse. Til saman utgjer dei eit utval som skal ha høve til å påverke skulekvardagen og vere ein konstruktiv samarbeidspart for skulen. FAU kan kome med råd og innspel, men også ta opp saker på eige initiativ.
Helsestasjonen Jordmor 0-5 år Skulehelseteneste HFU Psykisk helse	<ul style="list-style-type: none"> • Jordmor har jamlege treffpunkt med foreldre i svangerskapet og har tett samarbeid med helsesjukepleiar. • Etter fødsel møter helsesjukepleiar foreldre og barn om lag kvar månad til barnet er over 1 år, deretter om lag kvart 2. år til skulestart etter gjeldande retningslinjer frå helsedirektoratet.

	<ul style="list-style-type: none"> • Ein tilbyr foreldrerettleiing eller kan tilvise til andre instansar dersom det er behov for det. • Etter barnet har starta på skulen møter helsesjukepleiar elevar om lag kvart år. • Helsesjukepleiar/psykisk helse er ved alle ungdomsskular kvar veke og tilbyr «drop-in» til elevar. Ein har tett samarbeid med skulane, og er med i mange tverretatlege samarbeidsfora. • HFU – helsestasjon for ungdom – er eit tilbod ved begge helsestasjonar for alle mellom 16 og 23 år.
Helsetenesta Fastlege Fysioterapeut Ergoterapeut Psykisk helse	<ul style="list-style-type: none"> • Føremålet med fastlegeordninga er å sikre at alle får naudsynt allmennlegeteneste av god kvalitet til rett tid, og at personar busett i Noreg får ein fast allmennlege å forholde seg til. Kommunen har ansvar for å organisere fastlegeordninga og syte for tilstrekkeleg tal legar som deltek i ordninga. Fastlegane vert konsultert og deltek i samarbeid. • Alle i helsetenesta deltek i førebyggjande arbeid på system og personnivå.
Skule	<ul style="list-style-type: none"> • Møter barn og unge dagleg gjennom heile året. Skulen har ei viktig rolle i å sjå, avdekke og melde frå om bekymringar. • Skulen gjennomfører elevsamtalar med kvar elev og har utviklingssamtalar med føresette og elev minst to gangar pr år. Skulen samarbeider tett med føresette. Skulen set dagsorden i møte med føresette og barn, og har høve til å påverke og forsterke tema. • Alle oppvekstsentra i Bremanger kommune jobbar etter PALS-modellen. Hensikta med PALS er å utvikle ein positiv kultur som styrkar eleven sin faglege og sosiale kompetanse. Modellen føreset ei samarbeidsbasert arbeidsform og utvikling av felles kultur tufta på eit godt skule – heim samarbeid. PALS skal vidare gje høve til målretta handling og kontinuerleg refleksjon og evaluering av eigen praksis for dei tilsette.
Kulturskule	<ul style="list-style-type: none"> • Kultur, Fritid og Nærmiljø er sentrale aktørar i barn og unge sitt oppvekstmiljø. Saman skal ein skape arena for tryggleik, trivsel og meistring. Innhaldet i verksemda skal vere prega av barn og unge sitt behov for lek, kulturaktivitet og sosial læring. • Kultureininga møter barn og unge gjennom heile året, og er en viktig aktør i å sjå, avdekke og melde frå om bekymring
Bibliotek	<ul style="list-style-type: none"> • Biblioteket er et ressurscenter og møteplass for barn og unge på «null terskel nivå» og er ein trygg og tilgjengeleg fritidsarena for barn og gjennom heile året. • Verksemda gjer seg relevant gjennom tilbod som er tilpassa barn og unge sine ønske og behov og legg til rette for dette i sine lokale.

	<ul style="list-style-type: none"> • Bibliotek er ein viktig aktør innan formidling av kunnskap, litteratur og livsmeistring generelt med å skape leselyst, tilgang av relevant litteratur, kulturarrangement og lesestunder både på biblioteket og i skulene.
Ung i Bremanger	<ul style="list-style-type: none"> • Ung i Bremanger si verksemd organiserer og gjennomfører gratis fritidsaktivitetar som legg til grunn FN si Fritidserklæring, FNs konvensjon om barnet sine rettar, herunder artikkel 31. "Det er ein viktig verdi i samfunnet at alle barn får delta i sosialt fellesskap og aktivitet". For å realisere dette involverer UIB barn, uavhengig av foreldra sin sosiale og økonomiske situasjon, til å kunne delta jamleg i minst éin organisert fritidsaktivitet i veka saman med andre. • Barn og unge blir involvert og skal ha innverknad over sin leik og fritidsaktivitet, og gjennom leik og aktivitet skal barn og unge bli inkludert i eit fellesskap og oppleve tilhørslse og meistring. • For å lukkast med arbeidet lokalt, fokuserer verksemda sine aktivitetar på 3 stader i kommunen: Svelgen, Davik og Hauge, i samarbeid med frivillige lag og organisasjonar, skulane og kultur generelt.
Bremanger Frivilligsentral	<ul style="list-style-type: none"> • Frivilligsentralen utgjer "navet" mellom enkeltindivid, lag og organisasjonar og det offentlege og har ei viktig koordineringsrolle for å få nytte ressursane som ligg i det frivillige arbeidet. • Arbeid tverrsektorielt og i samarbeid med lag og organisasjonar er viktig for å kunne tilby gratis lågterskeltilbod, t.d. gratisutlån av utstyr til fritidsaktivitetar i "BUA" for barn og unge uavhengig av bakgrunn, funksjonsnivå eller alder.
Lag & organisasjonar	<ul style="list-style-type: none"> • Frivillige lag, organisasjonar og enkeltindivid har ei viktig rolle og deira innsats utgjer eit vesentleg bidrag til lokalsamfunnet. I tillegg til eit breitt og godt tilbod i den kommunale kulturskulen blir mykje av kultur- og idrettsarbeidet utført på frivillig basis. Dette skapar engasjement, inkludering og gode møteplassar. Kommunen si rolle i høve det frivillige er å være støttespelar, tilretteleggjar, koordinator og rettleiar.
Mobbeombodet	<ul style="list-style-type: none"> • Skal passe på at alle elevar i grunnskule og vidaregåande opplæring har eit godt psykososialt læringsmiljø. Mobbeombodet er nedsett av fylkestinget, og er ein uavhengig ressursinstans som har teieplikt.
NOK	<ul style="list-style-type: none"> • Nok. Sogn og Fjordane er eit kompetansesenter mot seksuelle overgrep. Det er eit tverrfagleg lågterskel hjelpetilbod til utsette for seksuelle overgrep og deira pårørande. Senteret gjev tilbod om einesamtalar, gratis juridisk rådgjeving og hjelp til kontakt og samarbeid med anna hjelpeapparat. Nok. gjev ikkje behandling, men vert drive etter prinsippet «hjelp til sjølvhjelp», og er eit

	<p>supplement til det offentlege hjelpeapparatet. Tilbodet er gratis og ein treng ikkje tilvising. Senteret er og ein fagressurs som tilbyr rettleiing og undervisning til skuleklassar, lærarar, barnehagetilsette, helsepersonell og andre fagpersonar om tema som omhandlar seksuelle overgrep. Førbyggjande arbeid er ein viktig del av sentra si verksemd.</p>
Politiet	<ul style="list-style-type: none"> • Bidreg med kompetanseheving for foreldre, tilsette og elevar gjennom det førbyggjande arbeidet gjennom året i skule og barnehage. • Med-arrangør på aktivitetsdagane
På det gule/ selekterte (for nokre) nivået:	
Helsetenesta Fysioterapeut Ergoterapeut Psykisk helse	<ul style="list-style-type: none"> • Fysioterapeutar behandlar skader og sjukdom som gjer smerter eller nedsett funksjon i muskel og skjelettsystem. Fysioterapeutane deltek også i samarbeid. • Ergoterapi er organisert i helsetenesta vår og deltek i samarbeid med andre relevante instansar/fagpersonar. Dei bidreg til løysingar når ein person har utfordringar med si helse og krav i kvardagen. Eit sentralt mål er at alle skal kunne delta og vere mest mogleg aktiv i leik, læring, arbeid og elles i kvardagen. • Psykisk helse tilbyr støttesamtalar. I tillegg underviser dei andre som arbeider med barn, unge og vaksne med mål om kompetanseauke. Tilsette i psykisk helse deltek også i samarbeid kring ein skilde personar eller grupper.
Barneverntenesta	<ul style="list-style-type: none"> • Skal sikre at barn og unge som lever under forhold som kan skade helsa og utviklinga deira, får trygge oppvekstvilkår, naudsynt hjelp og omsorg til rett tid.. • Barneverntenesta kan brukast som drøftingsorgan i einskildsaker, anonymt ved behov. For hjelp frå barnevernet må det ligge føre ei bekymringsmelding. Du, andre privatpersonar og offentlege instansar kan melde om bekymring.
PMTO-terapeut TIBIR foreldrerådgjevar	<ul style="list-style-type: none"> • Bremanger kommune er TIBIR-kommune. TIBIR står for Tidleg innsats for barn i risiko. TIBIR er eit kommunalt førbyggings- og behandlingsprogram. Det skal bidra til å identifisere, forebygge og behandle åtferdsproblem hos barn i alderen 3-12 år og familiane deira. Dette skal skje på eit så tidleg tidspunkt som mogleg, på fleire område og på lågast mogleg effektive innsatsnivå. • TIBIR-programmet byggjer på behandlingsmodellen Parent Management Training – Oregonmodellen (PMTO). Målsettinga er å førbyggje og avhjelpe åtferdsproblem på eit tidleg tidspunkt, og bidra til å utvikle barn si positive og prososiale utvikling. • Målet med PMTO-behandling er å stanse eller redusere alvorleg problemåtferd hos barn ved å gjenopprette ein positiv relasjon mellom foreldre og barn, slik at det negative familiesamspelet vert brote og barnet si prososiale utvikling vert fremja og styrka.

NAV	<ul style="list-style-type: none"> • NAV ivaretek barn sitt beste hos familiar som søker om økonomisk stønad og ikkje har råd til at barnet har det det treng eller får vere med på fritidsaktivitetar. Barnet skal ikkje bli skadelidande av at foreldre ikkje har økonomi til å betale for fritidsaktivitetar eller anna utstyr som er naudsynt i kvardagen\på skulen. NAV skal alltid kartlegge kva behov dei ulike borna i familien har. • Samarbeid med andre instansar ved behov. • For ungdomar som droppar ut av vidaregåande skule har NAV samarbeid med skule og oppfølgingstenesta for å sjå om NAV kan bidra til å hindre at eleven fell ut av skule. NAV har og tiltak der vi kan få ungdom ut i aktivitet eller arbeid dersom skule ikkje er aktuelt. • For ungdom med særskilde behov blir NAV gjerne kopla på før avslutta skulegang for å saman legge ein plan for vidare oppfølging dersom ein ikkje er i stand til å gå ut i arbeidslivet og ein ser eit behov for å etablere kontakt med rettleiar i NAV.
PPT	<ul style="list-style-type: none"> • Rådgjevande og sakkunnig instans i spørsmål om utvikling, læring og trivsel for barn i barnehagealder og elevar i grunnskulen. • PPT greier ut einskilde barn sine behov og gjev råd og rettleiing til foreldre, barnehage, skule og andre samarbeidspartar. • Bidreg med kompetanseheving i barnehage og skule gjennom kurs og konsultasjonar til tilsette. Deltok i møte med skulen og barnehagen.
BUP	<ul style="list-style-type: none"> • Spesialisert helsetilbud til barn og ungdom frå 0-18 år med moderate til alvorlige psykiske helseplager. • BUP gjev tilbod om utgreiing og behandling i samarbeid med familie, nettverk og andre instansar. Ein må ha tilvising frå fastlege eller barnevernstenesta.
Det tverrfaglege møtet	<ul style="list-style-type: none"> • Det tverrfaglege møtet er ein møteplass der tilsette og/eller føresette møter eit samla hjelpeapparat for å finne gode tiltak saman på eit så tidleg stadium som mogleg. Det er faste deltakarar frå helsestasjonen, psykisk helse, barnevern, PPT og PMTO-terapeut. Døme på saker ein kan drøfte kan vere endring i åtferd, utfordrande åtferd, samarbeid tilsette-føresette, psykisk helse, endringar i skule-barnehagemiljø m.m. Bekymringar kring born eller tema kan takast opp anonymt eller med namn dersom ein har samtykke. Det er faste møte om lag kvar 6. veke, men ein kan når som helst be om eit ekstra møte.
RVTS - Ressurssenter om vald, traumatisk stress og sjølvmondsførebygging - region Vest	<ul style="list-style-type: none"> • Eit ressurscenter som skal bidra med kunnskap til tenesteapparatet på område som traume og traumatisk stress, herunder psykososial beredskap, vald og overgrep, inkludert vald i nære relasjonar, førebygging av sjølv mord og sjølvskading, flyktninghelse og tvungen migrasjon.

På det raude/ indikerte (for nokre få) nivået:

Kommunalt innsatsteam mot mobbing	<ul style="list-style-type: none">• Kommunalt innsatsteam mot mobbing kan bistå skulane i komplekse eller vanskelege mobbesaker, der det t.d. er habilitetsutfordringar eller behov for spesielt kraftige og verknadsfulle tiltak, kan det vere aktuelt å involvere innsatsteam på kommunalt nivå.• Innsatsteam er meint å vere et tiltak med legitimitet, ryggdekning og handlingsrom til å løyse alvorlege og kompliserte mobbesaker.• Innsatsteam kan gå inn i saker der skulen sine vanlege rutinar ikkje strekk til eller der elevar og føresette opplever at dei ikkje når frem til skulen.• Skulen eig saka, og eksternt innsatsteam skal derfor ikkje ta ansvaret for mobbesaka. Eksternt innsatsteam har ansvar for å bistå skulen i å løyse saka. Arbeidet med avdekking og problemløysing vert gjennomført slik at det bidrar til kompetansebygging på skulen.
Spesialisthelsetenesta	<ul style="list-style-type: none">• Deltek i samhandling kring ein skilde personar og familiar. Dette gjeld særskilt i høve barn og unge med store og samansette behov. https://www.helsedirektoratet.no/veiledere/oppfolging-av-personer-med-store-og-sammensatte-behov• Kommunen deltek i systemisk samhandling med helseføretaket der det mellom anna vert utarbeida avtalar om samarbeid.
KE (koordinerande eining)	<ul style="list-style-type: none">• KE har overordna ansvar for tildeling av individuell plan (IP), oppnemning av koordinator, legge til rette for brukarmedverknad og samhandling. I tillegg skal KE ha oversikt over tilbud innan habilitering og rehabilitering. KE driv også opplæring til koordinatorar. KE er samansett av leiarar for NAV, oppvekst og helse og omsorg.• Tilsette i kommunen skal melde ifrå til KE om dei vert kjent med mogleg behov for IP.



7. UTFORDRINGER I BREMANGER

Med bakgrunn i resultatmåla i mandatet skal temaplanen fokusere på tidleg innsats, likeverdige, trygge og gode opplæringsarenaer, der barn og unge opplever meistring ut i frå egne føresetnader.

Kunnskapsgrunlaget viser oss i det følgjande kva for utfordringar vi har i Bremanger kommune.

Så mange barn som mulig skal kunne motta den hjelpen de har behov for innenfor barnehagens- og skolens ordinære system. Alle barn skal bli vinnere i sitt eget liv etter sine forutsetninger.

<https://www.tidliginnsats.no/>

7.1 Tidleg innsats

Det er viktig å fange opp barn og unge som treng noko ekstra så tidleg som mogleg.

Mange opplever likevel at det går for lang tid før dei får hjelp. Årsakene kan vere mange. Målet må vere å få ned ventetida og skape betre flyt mellom hjelpeinstansane.

Med tidleg innsats kan vi også førebyggje skeivutvikling, sosiale vanskar, lærevanskar, fråfall i skulen og å hamne utanfor arbeidslivet.

Dei fleste barna som har særskilde opplæringsbehov, blir fanga opp tidleg av hjelpeapparatet og barnehagen. Mindre vanskar blir derimot ikkje alltid oppdaga like lett, men tidleg innsats er viktig også for barn med mindre vanskar.

Vi må derfor gripe tak i mistankar vi har, undersøkje om barnet kan ha ein vanske – ikkje vente og sjå!

Nasjonale prøver viser at Bremanger kommune gjer det svakare i lesing enn i engelsk og rekning.

I Bremanger kommune har vi over tid lagt høgt på tal barn og elevar som får spesialundervisning. Erfaringar viser også at mange tilmeldingar til PPT kjem seint i utdanningsløpet.

7.2 Likeverdige, trygge og gode opplæringsarenaer

Elevundersøkinga viser stort sett at elevane i Bremanger kommune opplever god trivsel og trygt miljø i skulen. Den viser likevel variasjonar over år og variasjonar mellom einingane.

Vidare viser elevundersøkinga at det finst ei gruppe elevar som seier at dei har blitt mobba på skulen. Resultatet er nærare raudt nivå enn grønt nivå. Ungdata-undersøkinga viser det same, der 12 % av ungdomsskuleelevane seier at dei opplever mobbing, både på skulen og på fritida. Der er likevel ein positiv trend dei siste åra både i elev- og ungdatabasundersøkinga, der mobbetala har gått ned. Framleis er dette ei av hovudutfordringane til kommunen

Elevundersøkinga peikar på at delar av elevgruppa i Bremanger treng større faglege utfordringar og betre tilpassa opplæring.

Nasjonale prøver viser at Bremanger kommune gjer det svakare i lesing enn i engelsk og rekning.

Bremanger kommune har høgare kostnad pr. elev samanlikna med landet elles og samanlikna med kommunar i same gruppe (kostragruppe seks). For å sikre forsvarleg drift er det skilnad på elevkostnad innan kommunen, der elevkostnaden er høgast på dei minste skulane og lågast på dei største. Grunna vedtekne kutt på dei minste skulane i 2021 er skilnaden likevel mindre enn den var.

Over år har vi i skule- og barnehagesektoren hatt utfordringar med å rekruttere kvalifisert personale, noko som gjer at vi i periodar må tilsetje ukvalifiserte lærarar og pedagogiske leiurar.

Bremanger kommune er ein liten kommune, der vi i mange samanhengar kan støyte på utfordringar i høve habilitet. Lærarar og tilsette i barnehage har ofte sine egne barn på same oppvekstsenter, og det er i nokre tilfelle utfordringar å unngå at tilsette i barnehagen er på same avdeling som egne barn og at lærarar i skulen underviser egne barn.

Ungdata-undersøkinga viser at det er tydeleg samanheng mellom opplevinga unge har av å ha dårleg råd og utfordringar dette fører med seg. Dei som opplever å ha dårleg råd melder oftare om at dei har drukke alkohol, har psykiske helseplager og at dei deltek sjeldnare i organiserte fritidsaktivitetar.

7.3 Barn og unge skal oppleve meistring ut i frå egne føresetnader

Gjennom elevundersøkinga (sjå vedlegg) får vi kunnskap om at ein tredjedel av elevane opplever mykje støtte frå lærarane, samstundes som dei opplever at det vert stilt for få faglege krav til dei. Elevundersøkinga viser også at ein fjerdedel av elevane opplever høg grad av meistring, men dei opplever likevel at dei får ikkje nok faglege utfordringar.

7.4 Skulekrinsar og kriterium for drift av skular og barnehagar

I høve skulekrinsar har arbeidsgruppa sagt til styringsgruppa, og fått aksept for dette, at vi ikkje kjem til å ta stilling til det, då dette er eit politisk spørsmål. Vi kan likevel seie noko om kriterium for drift av skular og barnehagar.

Demografien vår er i endring, der folketalet i kommunen går ned, og den demografiske utviklinga viser at det vert fleire eldre og færre unge. Dette fører til synkande barne- og elevtal, som i neste omgang gjev utfordringar i høve økonomi. Rammeoverføringane frå staten blir lågare, og det kan bli meir krevjande å drifte like mange oppvekstsenter i framtida som no, dersom ikkje folketalet snur.

Vi har allereie påpeika at kostnad pr. elev er høgare i Bremanger kommune samanlikna med landet elles (sjå pkt. 7.2) og der er variasjon i elevkostnad mellom einingane, der dei minste skulane er dyrare å drifte pr. elev enn dei største. Med enno lågare elevtal vil forskjellane på einingane i kommunen bli større, dersom sektoren ikkje vert tilført meir midlar.

Bremanger kommune har over tid hatt utfordringar med å rekruttere kvalifisert personale i både skule og barnehage (sjå pkt. 7.2).

Små einingar gjev små fagmiljø og i sin tur kan dette vere ein av grunnane til at ein del søker seg vekk og at vi ikkje får kvalifiserte søkjarar til utlyste stillingar.

Som nemnt under 7.2 kan små einingar i større grad gje habiliteringsutfordringar.

I barnehagen har vi bemannings- og pedagognorm, der det er lovfesta at bemanninga må vere tilstrekkeleg til at personalet kan drive ei tilfredsstillande pedagogisk verksemd. Barnehagen skal minst ha ein tilsett per tre barn når barna er under tre år og ein tilsett per seks barn når barna er over tre år. I dei minste barnehagane, vil det i nokre tilfelle vere så få barn/plassar at ein må auke opp bemanninga meir enn bemanningsnorma tilseier for å klare å halde opningstidene. Dette vil gje høgare kostnader per barn.

7.5 Kultur og fritidstilbod

Folkehelseprofilen for Bremanger kommune viser at der er ein auke av barn i låginntektsfamiliar. Dette vil kunne få noko å seie for deltaking i organiserte aktivitetar som krev betaling for medlemskap, utstyr med vidare.

Bremanger kommune har dårleg utbygd kollektivtilbod. Dette vil også ha noko å seie for deltaking i kultur- og fritidstilbod, då foreldra i større grad må stå for skyss til og frå aktivitetar.

7.6 Helsetilbod og andre støttande tiltak

Gjennom ungdomsundersøkinga får vi kunnskap om at ein stor del melder om psykiske plager. I ungdomsskulane får elevane samtaleid kvar veke per no, men i samtale med elevane, er det eit ønskje å utvide dette tilbodet.

Folkehelseprofilen viser at når det gjeld overvekt og fedme blant 17-åringane ligg vi signifikant dårlegare an enn landet elles.



8. MÅL FOR ARBEIDET

Med utgangspunkt i funna i kunnskapsgrunnlaget og det som vert skissert i samfunnsdelen har vi landa på følgjande mål:

Hovudmål:

**Barn og unge skal ha ein god barndom,
fordi barndommen varer livet ut**


Delmål:



1. Alle barn skal få ein god start på livet
2. Barn og unge skal ha inkluderande og trygge oppvekstmiljø
3. Barn og unge skal ha likeverdige og gode opplæringsarenaer

Temaplan for barn og unge skal:

- sikre at barn og unge får rett hjelp til rett tid (tidleg innsats), og eit heilskapleg og koordinert tilbod.
- gje alle som til dagleg jobbar med barn og unge, eit verktøy for å førebyggje og handle
- styrke foreldrerolla
- sikre god og trygg tverrfagleg samhandling og gjere seg nytte av lokal og ekstern kompetanse












9. TILTAK FOR Å NÅ MÅLA



Dette skal vi gjere for å nå måla:

9.1 Alle barn skal få ein god start på livet





Slik vil vi ha det	Slik gjer vi det	Aktørar
<p>Alle barn skal få ein god start på livet</p>   	På det grønne/ universelle (for alle) nivået:	
	<ul style="list-style-type: none"> Alle som skal bli foreldre får tilpassa svangerskapsomsorg 	Helsestasjon Foreldre
	<ul style="list-style-type: none"> Tilsette møter foreldra som ein ressurs og bidrar aktivt til eit godt samarbeid mellom tenestene og heimen 	Helsestasjon barnehage
	<ul style="list-style-type: none"> Vi støttar og styrkjer foreldra og komande foreldre i oppdragar- og foreldrerolla gjennom råd og rettleiing; grensesetting, kosthald, motorisk stimulering m.m. 	Helsestasjon Barnehage
	<ul style="list-style-type: none"> Vi gjev tilbod om kurs for å styrkje foreldrerolla 	Helsestasjon Barnehage Foreldre
	<ul style="list-style-type: none"> Vi gjev råd og rettleiing til foreldre om den første språkutviklinga til barnet 	Helsestasjon PPT Barnehage
	På det gule/ selekterte (for nokre) nivået:	
	<ul style="list-style-type: none"> Vi gjev tilbod om tilpassa kurs som styrkar foreldrerolla (t.d. COS) 	Helsestasjon Foreldre
	<ul style="list-style-type: none"> Vi gjev tilbod om TIBIR-rettleiing gjennom TIBIR foreldrerådgjevarar 	Helsestasjon Barnehage Foreldre
	<ul style="list-style-type: none"> Vi gjev informasjon til føresette som nyleg har fått barn med særskilde behov 	Helsestasjon Barnehage Foreldre
	På raudt/ indikert (for nokre få) nivå:	
	<ul style="list-style-type: none"> Vi gjev tilbod om PMTO-terapi med PMTO-terapeut 	Barnevern Helsestasjon
	<ul style="list-style-type: none"> Vi nyttar metoden «Råd og rettleiing» 	Barnevern
	<ul style="list-style-type: none"> Vi vurderer behov for individuell plan 	KE
	<ul style="list-style-type: none"> Vi vurderer behov for pårørandestøtte 	Pleie og omsorg
<ul style="list-style-type: none"> Frivillig plassering, omsorgsovertaking 	Barnevern	





<p>Barn og unge skal oppleve god start på ulike arenaer gjennom oppveksten og tryggleik i overgangen mellom disse</p>  	<p>På det grønne/ universelle (for alle) nivået:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Vi bygger kompetanse blant tilsette – relasjonskompetanse er sentralt • Vi følger gjeldande planar for viktige overgangar som barn og unge møter • Vi legg til rette for godt samarbeid med alle foreldre <p>På det gule/ selekterte (for nokre) nivået:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Vi sikrar tidleg og god informasjon mellom tenestene i overgangar for barn med særskilte behov <p>På raudt/ indikert (for nokre få) nivå:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Vi sikrar at barn med særskilde utfordringar har trygge, kjende vaksne som er med i overgangar, t.d. frå barnehage til skule 	<p>Tilsette i oppvekst, kultur og fritid, helse og omsorg</p> <p>Tilsette i oppvekst, kultur og fritid, helse og omsorg</p> <p>Tilsette i oppvekst, kultur og fritid, helse og omsorg</p> <p>Tilsette i oppvekst, kultur og fritid, helse og omsorg</p> <p>Barnehage og skule</p>
<p>Dei kommunale tenestene identifiserer og fangar opp sårbare barn og unge så tidleg som mogleg</p>    	<p>På det grønne/ universelle (for alle) nivået:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Vi samhandlar og koordinerer for å utvikle gode system og rutinar slik at vi tidleg identifiserer barn, unge og familiar som treng ekstra støtte og oppfølging • Vi har gode rutinar for å involvere foreldra så tidleg som mogleg og hentar inn samtykke for å kunne arbeide på tvers av tenester • Vi prioriterer tverrfagleg samhandling og felles kompetanseheving • Vi set inn førebyggjande tiltak før eventuelle lese- og skrivevanskar får utvikle seg (t.d. TRAS-kartlegging) • PPT er ute på einingane der tilsette i oppvekst kan drøfte anonymt • Vi brukar dei årshjula vi har for kartlegging, både fagleg, sosialt og relasjonelt • NOK møter alle elevane i 6. klasse kvart år <p>På det gule/ selekterte (for nokre) nivået:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Ved behov koplar vi inn rett teneste • Vi drøftar aktuelle saker i «Det tverrfaglege møtet» 	<p>Tilsette i oppvekst, kultur og fritid, helse og omsorg</p> <p>Tilsette i oppvekst, kultur og fritid, helse og omsorg Foreldre</p> <p>Tilsette i oppvekst, kultur og fritid, helse og omsorg</p> <p>Skule og barnehage Helsestasjon</p> <p>Skule og barnehage PPT</p> <p>Skule og barnehage</p> <p>NOK</p> <p>Skule og barnehage</p> <p>Tilsette i oppvekst, kultur og fritid, helse og omsorg</p>






	<ul style="list-style-type: none"> • Vi rådfører oss med PPT på eit tidleg tidspunkt ved mistanke om særskilte behov 	Skule og barnehage PPT
	<ul style="list-style-type: none"> • Vi melder behov om sakkunnig vurdering frå PPT når tilpassing innan det ordinære tilbodet ikkje er tilstrekkeleg 	Skule og barnehage PPT
	<ul style="list-style-type: none"> • Vi set inn systematiske tiltak snarast mogleg etter kartlegging 	Skule og barnehage PPT
På raudt/ indikert (for nokre få) nivå:		
	<ul style="list-style-type: none"> • Vi koplar inn rett teneste dersom kartleggingar gjev oss mistanke om skeivutviklingar, sosiale vanskar eller lærevanskar 	Skule og barnehage PPT





9.2 Barn og unge skal ha inkluderende og trygge oppvekstmiljø



Slik vil vi ha det	Slik gjer vi det	Aktørar	
<p>Trygge og inkluderende læringsarenaer</p>    	På det grønne/ universelle (for alle) nivået:	<ul style="list-style-type: none"> Vi anerkjenner barnet som ressursperson i eige liv og inviterer til samarbeid og medverknad 	Tilsette i oppvekst, kultur og fritid, helse og omsorg
	<ul style="list-style-type: none"> Vi anerkjenner foreldra som den viktigaste ressursen i livet til barn og unge og inviterer til samarbeid og medverknad 	Tilsette i oppvekst, kultur og fritid, helse og omsorg Foreldre	
	<ul style="list-style-type: none"> Vi gjev foreldre støtte og rettleiing gjennom barn og unge sitt utdanningsløp, frå barnehage til gjennomført grunnskule 	Tilsette i oppvekst, kultur og fritid, helse og omsorg	
	<ul style="list-style-type: none"> Vi følgjer gode førebyggjande tiltak som er skissert i Plan for tryggleik og trivsel. 	Skule og barnehage	
	<ul style="list-style-type: none"> Vi har skular og barnehagar som fremjar psykisk helse, der kjenneteiknet er eit miljø der barn og elevar ikkje blir mobba, der dei er del av ein fellesskap med jamaldrande og der dei opplever å meistre skulearbeidet. 	Skule og barnehage	
	<ul style="list-style-type: none"> Vi sikrar at vi har felles verdiar i høve barnesyn, elevsyn og foreldresyn 	Tilsette i oppvekst, kultur og fritid, helse og omsorg	
	<ul style="list-style-type: none"> Vi inviterer lag og organisasjonar til kurs og kompetanseheving i høve relasjonsbygging, den trygge vaksne, inkludering m.m. 	Oppvekst, kultur og fritid. Helse og omsorg. Samfunn og utvikling.	
	På det gule/ selekterte (for nokre) nivået:	<ul style="list-style-type: none"> Vi har gode rutinar og set inn tiltak straks, dersom det vert oppdaga at eit barn ikkje har det trygt og godt 	Tilsette i oppvekst, kultur og fritid, helse og omsorg
	<ul style="list-style-type: none"> Vi nyttar «Plan mot SSA», dersom det er behov 	Tilsette i oppvekst, kultur og fritid, helse og omsorg Foreldre Barn og unge	
	På raudt/ indikert (for nokre få) nivå:	<ul style="list-style-type: none"> Vi set inn det kommunale Innsatsteamet mot mobbing dersom skisserte tiltak mot mobbing på den einskilde eininga ikkje fører fram 	Innsatsteam mot mobbing Foreldre Barn/elev
	<ul style="list-style-type: none"> Vi set inn hjelp frå eksterne partar når skisserte tiltak mot mobbing ikkje fører fram 	Innsatsteam mot mobbing	

<p>Barn og unge opplever at dei er gode nok som dei er, og at barndomen har ein eigenverdi og fremjar god psykisk helse</p>    	På det grønne/ universelle (for alle) nivået:	
	<ul style="list-style-type: none"> Den vaksne har ansvaret for at barn og unge opplever gode relasjonar og tilknytning 	Tilsette i oppvekst, kultur og fritid, helse og omsorg Foreldre
	<ul style="list-style-type: none"> Vi gjennomfører jamlege relasjonskartleggingar 	Skule og barnehage
	<ul style="list-style-type: none"> Tilsette fremjar barn sine ressursar og moglegheiter 	Tilsette i oppvekst, kultur og fritid, helse og omsorg
	<ul style="list-style-type: none"> Vi agerer etter mottoet: «ingen barn er vanskelege, men det er barn som har det vanskeleg» 	Tilsette i oppvekst, kultur og fritid, helse og omsorg Foreldre
	<ul style="list-style-type: none"> Barn og unge skal oppleve at den profesjonelle vaksne likar dei 	Tilsette i oppvekst, kultur og fritid, helse og omsorg
	<ul style="list-style-type: none"> Vi anerkjenner barn for innsatsen dei gjer og ikkje berre for resultatene dei oppnår 	Tilsette i oppvekst, kultur og fritid, helse og omsorg
	<ul style="list-style-type: none"> Vi gjev tilbod om samtaletid til alle elevane på skulane kvar veke 	Familie og helse
	<ul style="list-style-type: none"> Alle skulane gjennomfører «veke 6», annleisveka 	Skule
	På det gule/ selekterte (for nokre) nivået:	
	<ul style="list-style-type: none"> Vi gjev tilbod om ekstra samtaletid dersom nokre har behov for det 	Familie og helse PPT Elevlar
	<ul style="list-style-type: none"> Vi set inn ekstra tiltak dersom relasjonskartleggingar viser at det er behov for det 	Skule og barnehage PPT
	På raudt/ indikert (for nokre få) nivå:	
<ul style="list-style-type: none"> Vi tilviser til spesialisthelsetenesta, t.d. BUP, dersom det kommunale tilbodet ikkje er tilstrekkeleg 	Familie og helse	
<p>Barn og unge har god utvikling både fysisk, psykisk og sosialt gjennom leik og læring</p>	På det grønne/ universelle (for alle) nivået:	
	<ul style="list-style-type: none"> Uteområda på oppvekstsentera er tilrettelagt for fysisk aktivitet, leik og læring 	Skule og barnehage Samfunn og utvikling
	<ul style="list-style-type: none"> Uteområda i lokalsamfunnet er tilrettelagt for fysisk aktivitet, leik og læring 	Skule og barnehage Samfunn og utvikling
	<ul style="list-style-type: none"> Uteområda har universell utforming som inkluderer alle 	Samfunn og utvikling

  	<ul style="list-style-type: none"> Barn og unge opplever å vere ein del av eit sosialt fellesskap der dei har vener i barnehagen, på skulen og i fritida 	Tilsette i oppvekst, kultur og fritid, helse og omsorg Foreldre Barn/elevlar Lag og organisasjonar	
	<ul style="list-style-type: none"> Vi legg til rette for at alle barn og unge får minimum 60 minutt moderat til fysisk hard aktivitet kvar dag 	Foreldre Skule og barnehage	
	<ul style="list-style-type: none"> Vi brukar Sherborne-metodikken aktivt 	Barnehage Fysioterapeut	
	<ul style="list-style-type: none"> Vi gjennomfører aktivitetsdagar for 9. trinn kvart år 	Oppvekst, kultur og fritid. Helse og omsorg. Samfunn og utvikling. Lag og organisasjonar Politiet	
	På det gule/ selekterte (for nokre) nivået:		
<ul style="list-style-type: none"> Vi legg til rette for skyss til organiserte fritidsaktivitetar for dei som har behov for det 	Oppvekst, kultur og fritid		
På raudt/ indikert (for nokre få) nivå:			
<ul style="list-style-type: none"> Barn som har behov for det kan få støttekontakt for å delta på lik linje med andre 	KE		
<p>Barn og unge opplever å ha medverknad i saker som vedkjem dei</p>  	På det grønne/ universelle (for alle) nivået:		
	<ul style="list-style-type: none"> Barn og unge vert møtt med respekt og varme og vi lyttar til det dei har å seie 	Tilsette i oppvekst, kultur og fritid, helse og omsorg Foreldre	
	<ul style="list-style-type: none"> Vi har fokus på barns medverknad i barnehagen 	Barnehage	
	<ul style="list-style-type: none"> Alle skulane har elevråd som fungerer og elevane får medverke i saker som vedkjem dei 	Skule	
	<ul style="list-style-type: none"> Bremanger kommune har ungdomsråd som er aktivt involvert i prosjekt og politikk 	Ungdomsrådet	
	<ul style="list-style-type: none"> Elevråd deltek i kvalitetsmøte mellom administrasjonen og einingane 	Skule og kommunalsjef for oppvekst, kultur og fritid	
	På det gule/ selekterte (for nokre) nivået:		
	<ul style="list-style-type: none"> Barn, unge og foreldre kan delta i Det tverrfaglege møtet i saker som vedkjem dei 	Det tverrfaglege møte Foreldre, barn og unge	
<ul style="list-style-type: none"> Barn og unge medverkar i aktivitetsplanar etter § 9-a i opplæringslova 	Skule Elevlar		

	<ul style="list-style-type: none"> • Vi sikrar at barn og elevar får medverke før det vert fatta vedtak om spesialundervisning 	Skule Elevar
	<ul style="list-style-type: none"> • Barn og unge vert høyrde i saker som vedkjem dei før det vert tatt avgjerder om personlege tilhøve 	Tilsette i oppvekst, kultur og fritid, helse og omsorg Foreldre Barn og elevar
	På raudt/ indikert (for nokre få) nivå:	
	<ul style="list-style-type: none"> • Barn og unge vert høyrde i saker som vedkjem dei før det vert tatt avgjerder om personlege tilhøve 	Barnevernet
Barn og unge opplever trygge nabolag og lokalsamfunn  	På det grønne/ universelle (for alle) nivået:	
	<ul style="list-style-type: none"> • Vaksne tør å bry seg når nokon ikkje har det bra 	Alle vaksne
	<ul style="list-style-type: none"> • Tilsette i kommunen og vaksne i lokalsamfunnet legg til rette for varierte og rufrie møteplassar 	Tilsette i oppvekst, kultur og fritid, helse og omsorg Foreldre og andre vaksne
	<ul style="list-style-type: none"> • Barn og unge vert inkluderte uansett bakgrunn og føresetnader slik at dei opplever å høyre til 	Alle vaksne Alle barn og unge
	<ul style="list-style-type: none"> • Dei vaksne er gode rollemodellar for barn og unge gjennom det dei gjer og seier 	Alle vaksne
	På det gule/ selekterte (for nokre) nivået:	
	<ul style="list-style-type: none"> • Vaksne/foreldre tek kontakt med foreldre til dei det gjeld når dei ser at nokon ikkje har det bra 	Alle vaksne Foreldre
På raudt/ indikert (for nokre få) nivå:		
<ul style="list-style-type: none"> • Vaksne som er bekymra for om eit barn får god nok omsorg, melder frå til barnevernet 	Alle vaksne Barnevernet	

9.3 Barn og unge skal ha likeverdige og gode opplæringsarenaer

Slik vil vi ha det	Slik gjer vi det	Aktørar	
<p>Barn og unge får likeverdige tenester av høg kvalitet i barnehage og skule, der tilsette har nok og rett fagleg kompetanse og som legg grunnlag for livslang læring</p>  	På det grønne/ universelle (for alle) nivået:		
	<ul style="list-style-type: none"> Vi følgjer bemannings- og pedagognorma i barnehagane 	Kommunalt nivå oppvekst, kultur og fritid	
	<ul style="list-style-type: none"> Vi kan bruke personale fleksibelt mellom ulike einingar for å stette faglege kompetansekrav 	Kommunalt nivå oppvekst, kultur og fritid	
	<ul style="list-style-type: none"> Vi syter for at tilsette utviklar den relasjonelle kompetansen sin gjennom felles kompetanseheving 	Kommunalt nivå oppvekst, kultur og fritid	
	<ul style="list-style-type: none"> Vi syter for at tilsette gjev barn og unge ei kjensle av meistring, og som støttar og utviklar lærelysta deira 	Driftssjefar	
	<ul style="list-style-type: none"> Vi brukar kollegaretteleing som verktøy for å utvikle god klasseleiing 	Driftssjefar	
	<ul style="list-style-type: none"> Vi brukar medarbeidarsamtale som verktøy for å fange opp utviklings- og kompetansebehov 	Driftssjefar	
	<ul style="list-style-type: none"> Vi jobbar etter Språkplanen for Bremanger kommune 	Skule og barnehage	
	<ul style="list-style-type: none"> Ingen skal vere kontaktlærer/pedagogisk leiar for eige barn 	Driftssjefar	
	<ul style="list-style-type: none"> Vi sikrar i størst mogleg grad at ein ikkje er faglærer for eige barn 	Driftssjefar	
	På det gule/ selekterte (for nokre) nivået:		
	<ul style="list-style-type: none"> For å sikre nok ressursar for å holde opningstida, må det tilførast meir ressursar i dei barnehagane der bemannings- og pedagognorma ikkje er tilstrekkeleg grunna få plassar/barn 	Kommunalt nivå oppvekst, kultur og fritid	
	<ul style="list-style-type: none"> Dersom tilsette ikkje har nok og rett kompetanse legg vi til rette for vidare- og etterutdanning 	Kommunalt nivå oppvekst, kultur og fritid	
	<ul style="list-style-type: none"> Der tilsette har behov for det, følgjer driftssjef tettare opp og dei blir samde om eigna tiltak for utvikling 	Driftssjefar	
	På raudt/ indikert (for nokre få) nivå:		

Barn og unge får likeverdige tenester på fritida, der tilsette har nok og rett fagleg kompetanse	På det grønne/ universelle (for alle) nivået:	
	<ul style="list-style-type: none"> • Vi syter for å ha nok og rett kompetanse på relevante fritidstilbod på fleire stader i kommunen 	Kommunalt nivå oppvekst, kultur og fritid Driftssjef
	<ul style="list-style-type: none"> • Vi legg til rette for «Open skule» ein gang i veka på dei tre største skulane våre 	Driftssjef kultur og fritid
	<ul style="list-style-type: none"> • Vi legg til rette for uformelle møteplassar i heile kommunen, gjerne på tvers av heile kommunen, der barn og unge kan samlast på fritida. 	Kommunalt nivå oppvekst, kultur og fritid
	<ul style="list-style-type: none"> • Vi legg til rette for at alle kan låne gratis fritidsutstyr 	Bua
	På det gule/ selekterte (for nokre) nivået:	
	<ul style="list-style-type: none"> • Dei som har særskilde behov får støttekontaktar som kan hjelpe dei i aktivitetane. 	Familie og helse
	<ul style="list-style-type: none"> • Vi legg til rette for skyss til organiserte fritidsaktivitetar for dei som har behov for det. Tilsette i kommunen/ nettverket til barnet «avgjer» kven som bør få nytte seg av det 	Oppvekst, kultur og fritid Helse og omsorg
	<ul style="list-style-type: none"> • Vi har økonomiske støtteordningar slik at vi sikrar deltaking i organiserte fritidsaktivitetar for barn i låginntekstfamiliar 	Oppvekst, kultur og fritid NAV
	På raudt/ indikert (for nokre få) nivå:	



10 HØYRING, PLANPERIODE OG EVALUERING

10.1 Høyring

Etter Lov om planlegging og byggesaksbehandling (plan- og bygningsloven), vert planen lagt ut til offentlig høyring.

I § 5-1 vert det sagt at det skal leggst til rette for medverknad og at kommunen har eit særleg ansvar for å sikre aktiv medverknad frå grupper som krev særleg tilrettelegging, herunder barn og unge.

I § 5-2 *Høring og offentlig ettersyn*, heiter det vidare at eit planframlegg som skal sendast på høyring, skal sendast til alle planen vedkjem og at dei skal uttale seg innan ein fastsett frist.

Det vil derfor i høyringsperioden lagt aktivt til rette for at desse paragrafane vert oppfylte.

Høyringsutkastet vert lagt ut på heimesida til Bremanger kommune og på rådhuset. Vidare vert dokumentet sendt ut til aktuelle høyringsinstansar direkte.

Dokumentet vart lagt ut til høyring 8. april med høyringsfrist 13. mai.

10.2 Planperiode

Temaplan – barn og unge tar stilling til langsiktige utfordringar, mål og strategiar og heng tett saman med kommuneplanen sin samfunnsdel, som er grunnlaget for denne planen.

Sistnemnde har verknadstid 2021 – 2033.

Temaplan – barn og unge vil ha verknadstid 2022 - 2034

10.3 Evaluering

Tiltaka i planen skal evaluerast kontinuerleg i aktuelle sektorar, der nytt kunnskapsgrunnlag vil vere avgjerande og retningsgjevande for eventuelle endringar. Evalueringa vil også vise igjen i årsmelding for kommunen og vere ein del av internkontrollen.

Planen vert lagt fram for nytt kommunestyre, første gang i 2023, då mange av tiltaka vil vere grunnlag i budsjettprosessen.

11. Takk

Takk til kunstnarane som har vore med å gjere planen så fin å sjå på:

Torje Vistnes 2. kl. akvarell, 2020, (førstesida)

Synne Refvik Svarstad, 4. kl. akrylmaleri med kosedyr, 2021 (s. 2)

Johannes Mathias Grytten, 6.kl. akrylmaleri etter SKRIK, 2020 (s.6)

Amanda Sundt Olsen, 1.kl. akvarell, 2020 (s. 8)

Ingeborg Solberg Halse, 6.kl. akvarell collage 2020 (s.14.)

Hedda Oline Myklebust, 5. kl. collage, 2021 (s. 16)

Hanna Cypriano Eimhjellen, 5.kl. akrylmaleri Manet 2020 (s.18.)

Hedda Oline Myklebust, 5. kl. akrylmaleri med bål, 2021 (s. 20)



Bremanger kommune

Juni 2022